

LEVANDE BYGDER – GODE VAL FOR FRAMTIDA

## TRASÉVAL FOR FRAMTIDIG E39 TRUGAR BYGDENE ISDAL OG ÅSE



Til politikarane i Alver kommune

Isdalstø, 23.02.2020

## Traséval for framtidig E39 trugar bygdene Isdal og Åse

Viser til arbeidet med KDP E39 Flatøy-Eikefet, Silingsrapport E-39 Flatøy-Eikefettunellen, og tidlegare innspel i saka. Me ønskjer å informere politikarane i nye Alver kommune om saka og bekymringane våre knytt til denne. Me treng dykkar hjelp. Me ber óg om at me kan få komme i politiske fora for å orientere om saka, og invitere dykk til ei synfaring.

### Prosessens med utgreiing av ny E39

Innbyggjarane på Isdal og Åse er svært bekymra over dei alternative trasévala for E39 som no er under utgreiing av Statens vegvesen. To av fire alternativ for traséar mellom Knarvik-Hjelmås er lagt i dagen gjennom Isdal og Åse for så å gå i tunell mot Hjelmås. Dei andre to traséane går via Gjervik. Dei to traséane gjennom Isdal-Åse viser stor grad av konflikt i silingsrapporten til SVV, men er likevel teke med vidare i utgreiingsarbeidet. Me har kome med innspel til alle høyringar i saka, i gamle Lindås kommune, men saknar tilbakemelding frå dei politiske partia.

Me ønskjer no å få lyfta denne saka fram for politikarane i nye Alver kommune. Det er forståeleg at politikarar i gamle Meland og Radøy ikkje har satt seg så godt inn i saka tidlegare, då den har vore behandla i gamle Lindås kommune. Det er difor viktig for oss at fleire sett seg inn i denne saka no, FØR prosessen kjem for langt, i god tid før det skal takast avgjerder i denne saka. Avgjersla i E39-saka kan ikkje rettast oppatt dersom valet av trasé vert gjort, det er difor viktig med grundig forståing for kva ein taper.

### Bygdene Isdal og Åse

Isdalgardane er eit av dei få attverande klyngetuna på Vestlandet. Me viser til *Omsynssone for kulturmiljø og kulturminne (H570) I Kommunedelplan Knarvik - Alverstraumen*, som dekkjer heile Isdal. Fornminne syner at her har budd folk i over tusen år. Både Isdal og Åse har store, lettdrevne landbruksareal i aktiv drift. Dei grøne lungene på Isdal og Åse har stor betydning for det stadig veksande regionsenteret frå Knarvik til Alversund, og utgjer viktige område for friluftsliv og rekreasjon. Isdal har allereie FV57 som går gjennom dalen, og me har store utfordringar knytt til støy frå vegen. Her er det mykje tungtrafikk frå/til Mongstad, og trafikken skapar drønn/vibrasjonar i bakken. Strekket utgjer ei aksellerasjonssone, der bilane skal frå 50 km/t til 80 km/t. Støyen slepp ikkje ut av dalføret pga fjellryggar på begge sider. I tillegg til støy vert det svært mykje svevestøy, og trafikken skapar stor visuell forureining (dette vart ikkje betre av at Statens vegvesen har fjerna all kantvegetasjon langs vegen).

Det er viktig å hugse på at det ikkje er lenger enn 50- 60 år sidan Knarvik vart skapt, i det som var utmarka til Isdal og Gjervik, medan bygdene våre har eksistert i hundrevis av år. Både Isdal og Åse er sentrale områder som er i drift med mange fritids- og friluftsaktivitetar. Me håper at politikarar ser verdien av bynært landbruk, og at ein ikkje kan knuse dei gamle kulturrike bygdene som ligg rundt Knarvik med motorveg. Me ønskjer ei berekraftig utvikling, der ein tek vare på desse verdiane for framtida.

Dersom ny E39 vert lagt i dagen gjennom Isdal og Åse, vil desse historiske bygdene bli øydelagde for all framtid. Trafikken vil bli mangedobla, og støy/støy/trafikkdrønn vil øydeleggje livskvaliteten til oss som bur her. Vegen vil øydeleggje og redusere kulturminneverdiane. Den vil og redusere kunnskaps-, opplevings- og formidlingsverdien knytt til kulturminna og kulturlandskapet som nettopp er føremålet og

intensionen med å ha omsynssone inne i Kommunedelplanen. På Åse går begge traséane tvers gjennom det som er eit av dei største gardsbruka i Alver kommune, og fleire andre nærliggande gardar i dagleg drift. Ein vegtrasé vil pulverisera all framtid for familiene og drifta der. Isdal-Åse vil få sterkt reduserte verdiar for friluftsliv og naturmiljøet omkring gardane. Verdiar som og er viktige for regionssenteret Knarvik og bygdene omkring. Vi må ta vare på naturen, vassdraga, kulturminna og den dyrka jorda om verda skal utviklast i ei berekraftig retning.

### **Val av traséar**

Me ønskjer å vite meir om den politiske prosessen som ligg bak valet av traséane til E39. Kva er dei viktigaste årsakene til at Isdal-Åse vert utreia til tross for så høg grad av konflikt? Er det koplinga mot vegen frå Radøy som er årsak? Eller er det ønskje om å få statleg finansiering av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø som ligg til grunn?

Dersom det er tungtvegande årsaker til å leggja E39 gjennom Isdal-Åse, så ber me om at det vert utreia eit nytt alternativ til trasé, som ikkje øydelegg bygdene/gardane for oss og for alle framtidige generasjonar. Dette kan gjerast ved å leggja vegen i tunell forbi Isdal og Åse, og ikkje slik den no er presentert, tvers gjennom vassdrag, dyrka mark, gard og heim.

Det er tidlegare utreia og planlagt vegløysingar med atskilleg mindre konflikt, som seinare er teke ut av Lindås kommune sine planar. Som til dømes plan for tunell mellom nedre Isdal og Alversund. Kan denne takast med i utgreiingane og gje ei betre løysing? Vi høyrer frå Statens Vegvesen at viktige forutsetningar i silingsrapporten frå 2017, vil bli endra. Dette gjeld hastigkeit og dermed tidsbruk og svingkurver for dei to traseane gjennom Isdal og Åse. Dette meiner vi er ein god grunn til å sjå på nye korridorar og løysingar.

### **Verdival for framtida**

Me fryktar at ikkje-verdisette kvalitetar som livskvalitet, bumiljø, landbruk, kulturlandskap, kulturminne, naturverdiar og friluftsliv vert satt til sides for at fylket/kommunen skal spara pengar, ved å få Statens Vegvesen til å finansiera lokale vegløysingar med ny E39. Dette er til stor bekymring og har teke mykje nattesøvn. På fleire av gardsbruka på Isdal og Åse bur og arbeider det fleire generasjonar dagleg. At silingsrapporten skisserer to alternativ som vil endre heile forutsetninga for vidare drift, har stor påverknad på oss alle. Me forvaltar arva etter forfedrene våre gjennom mange generasjonar. Vil neste generasjon på gardane våre kunne bu og ha ei framtid her?


Det me ber om er at politikarane våre set seg inn i saka no. Me håper at dykk ser verdiane som bygdene Isdal og Åse utgjer, og ønskjer å verne om desse. Til sist er det viktig å sikre at ikkje prosessen/konsekvensutredningane kjem for langt dersom ein ser at fleire alternative traséar for E39 må utgreiast for å sikre ei god samfunnsvyttig løysing - som og tek vare på bygdene våre.

**Me ber óg om at me kan få komme i politiske fora for å orientere om saka, og invitere dykk til ei synfaring.**


På vegne av bygdene Isdal og Åse,

**Kjersti Isdal og Arild Aase**


Kontakt: Kjersti Isdal, tlf: 97129193, [kisdal@hotmail.com](mailto:kisdal@hotmail.com). Arild Aase, tlf: 97752329, [arild@aasegarden.no](mailto:arild@aasegarden.no)




Kryss ved Åse (i silingsrapport omtala som Espeland).




Kryss ved Isdal (i silingsrapport omtala som Åse).



Dei fire vegtraserane for E39 i silingsrapporten.



Vegalternativa V8 og V7C gjennom Isdal-Åse (fotomontasje: Kjersti Isdal).



# Åse

- aktiv gardsdrift, heste- og fritidsaktivitetar



Over: E-39 alternativa V8 og V7C gjennom Isdal og Åse (fotomontasje: Kjersti Isdal).

Under: Det fire alternativa for E39 mellom Knarvik og Hjelmås.

